



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Høyanger Kyrkjelege fellesråd**

Marcus Thranes gate 3  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100

## **Møteprotokoll Høyanger kyrkjelege fellesråd**

**Møtedato:** *Torsdag 21.09.2023*

**Møtetid:** *kl. 12.30 - 14.30*

**Møtestad:** Møterom i 4. etg. Samfunnshuset

**Til stades:**

*Vidar Myren, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Sissel Sørebo, Andreas Ester, Rolf Aamot, Monica Sunde Tjønnås, Stig Jonny Fitje og Knut Magne Nesse*

**Meldt forfall:** *Tonje Førde Systad – vara møtte, Torunn Styve- vara møtte, May-Wenche Fossmark og Frode Merkesvik*

**Fråverande:** Kenneth Førde

**Kopi av protokollen går til:** *Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Austreim, Aud Kjersti Haugen, Tonje Førde Systad, Torunn Styve, Alf Magnar Svartemyr, Ingunn Østerbo, Toril Bjørkum, Geir Sørebo, Kenneth Førde og Frode Merkesvik. Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ørjan Haram, Gerda Otterstein, M Ali Kharrat, postmottak Høyanger kommune.*

## **Sakliste:**

### **Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok**

Innkalling, protokollane for møtet 24.08 og saklista vart godkjent

### **Meldingssaker:**

#### **027 Soknepresten har ordet**

Søndagens tekst er historia om då Jesus vekte opp Lazarus frå dei døde. Andreas gjorde oss merksame på at frå denne historia har vi helsinga frå Jesus: "Eg er oppstoda og livet". Denne historia syner oss også ein Gud som sørger - då dette korte verset "Jesus gret" er sentralt. Sjølv om han er medviten han er oppstoda og livet, så gret han. Dette at Gud sørger er heilt sentralt for Jesu død, oppstode og liv. Denne søndagen vert kalla haustens påskedag.

#### **028 Prosten orienterer om planane for prestestillinga i Lavik og på Sørsida**

Knut Magne Nesse orienterte om at ei ordning som han har prøvd å få på plass det siste året, men som bispekontoret har vore lunkne til, som no etter sommaren har ordna seg. Det går ut på å bruke ein diakon i prestestillinga som er vakant for Lavik sokn og Bjordal og Ortnevik sokn. Det kan vere at ny biskop er det utslagsgivande for at

denne løysinga no vart mogeleg. Det er diakon Inger Cesilie Fitje som prosten har tilbode diakonstillinga på 80%, og ho har teke i mot.

Denne løysinga inneber eit 3-årig prosjekt der ein ser på alternative løysingar for samarbeide for å få prestesituasjonen til å gå opp. Ein må sjå på dei samla ressursane og få til eit breitt samarbeid. Diakonen kan ha gravferder, gudstenester med og utan nattverd, men må ha godkjenning for å kunne utføre dåp.

Det at ein får på plass ein diakon i 80% stilling må og føre til at ein opnar for å tenke nytt. Aktivitet mot nye grupper t.d. diakonalt arbeid mot ungdom, mot industrien m.m.

Flott at ein får på plass dette no. Slik kan dei nye sokneråda starte opp med dette. Ein må få til eit møte med dei nye sokneråda der Inger Cesilie blir invitert med. Eit høveleg tidspunkt for dette er rett etter fellesopplæringa av nye sokneråd, 15. november.

Ei utfordring ein må vere medviten om er at Inger Cesilie er ektemaken til kyrkjevevja. Kyrkjevevja vert ikkje overordna til Inger Cesilie, då ho blir tilsett av bispedømmet. Prosten blir næraste overordna. Det kan likevel vere viktig at dei tilsette i Høyanger kyrkjelege fellesråd, kan ha ein kontaktperson og gå til, dersom det skulle oppstå noko i arbeidet / samarbeidet mellom over nemnde som er vanskeleg å ta opp med kyrkjevevja.

## **029 Kyrkjevalet i Høyanger kommune**

Sjølve valgjennomføringa gjekk greitt. Valdeltakinga er dessverre skuffande – særleg i Høyanger. Det verka som det at ein må krysse torget på ein regntung dag, er barrieren som gjer at ein ikkje tek ansvaret ein har som medlem på alvor. Også i Lavik opplevde ein at når ein ikkje er i same bygget som kommunevalet, vert det dårlegare oppslutnad om kyrkjevalet.

Oppslutnaden var på 24% i Lavik og på Kyrkjebø, Bjordal og Ortnevik sokn hadde 25% oppslutnad, medan den i Høyanger var på berre 4%.

Før å skape blest om valet vart det på torget i Høyanger ordna til ein stand laurdag før valet. Kyrkjebø sokneråd hadde ein sms-aksjon til alle sine kontaktar, med oppfordring om å dele vidare.

Den lokale butikken kan vere ein god plass for førehandsrøysting. Mange førehandsrøysta i lokala ved butikken på Kyrkjebø

Det kom opp eit spørsmål om korleis ein kan velje varapersonar til Fellesrådet. Må dette vere personleg vara, eller kan ein ha vara i prioritert rekkefølge?

## **030 Status for arbeidet med altarveggen i Høyanger kyrkje**

Kyrkjevevja orienterte om at har bede kommunen v/byggansvarleg Bjørn Løkeland om hjelp til å få oversikt over prosjektet. 1.prioritet må vere å få stoppa vidare forfall – både i høve glasmaleriet og mosaikken under. Kyrkjevevja har gjennom kommune fått kontakt med eit byggfirma som er dyktige på rehabilitering av mur/betong-bygg.

## **031 Kyrkjevevja har ordet:**

- Økonomisituasjonen er det ikkje så mykje meir å seie noko om, enn det som vart sagt på sist møte. Det er klart positivt for økonomien at ein har vakante stillingar,

men og eit betydeleg meirarbeid for leiar. Dessutan vert sjølvsagt tenestene ikkje fullgode.

## Vedtaksaker:

### 015/23 **Stillinga som kyrkjelydsarbeidar. Jmf sak 027/22.**

Forslag til vedtak frå saksutgreiinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

HKF lyser ut 50 % stilling som kyrkjelydsmedarbeidar/kyrkjelydspedagog frå 01.01.24 snarast råd.

Søknadsfristen vert sett til: 20. oktober 2023.

Intervju- og tilsettings-utval er: Torunn Styve, Soknepresten og Kyrkjeverja.

### 016/23 **Kyrkjetenar i Bjordal**

Forslag til vedtak frå saksutgreiinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Bjordal og Ortnevik sokneråd vert oppmoda til å drøfte kva ordning dei trur vil tene soknet best. Fellesrådet forventar ei tilbakemelding frå soknet innan juni neste år.

I mellomtida har kyrkjeverja ansvar for å leige inn naudsynt vikarar til kyrkjetenaroppgåvene i Bjordal på timebasis.

### 017/23 **Disponering av tilskotet til avvikling av kyrkjevalet.**

Forslag til vedtak frå saksutgreiinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Disposisjon av tildelte midlar vert gjort etter skisse framlagt av kyrkjeverja.

Satsen for honorar til val-funksjonærar vert fastsett til kr 180,- pr time.

Summen vert utbetalt til sokneråda, som så føretekk endeleg utbetaling.

Midlane vert elles rapporterte inn og/eller tilbakebetalte i tråd med tildelingsbrevet.

Høyanger 25.09.2023

Protokoll ført av:

*Stig Jonny Fitje*

**Kyrkjeverje for Høyanger kyrkjelege fellesråd**